



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 22/054	Dato:	06.12.2022

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	14.12.2022	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	ikkje fastsett	vedtak

AVTALAR – UTTREDEN FRA HBR – ETNE OG SULDAL

HANDSAMING:

Tilråding frå brannsjefen

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek avtalane om kommunane Etne og Suldal sin uttreden av selskapet slik dei er lagt fram.

Saka vert lagt fram som ei orienteringssak i kvar einskild kommune.

Sakshandsaming i styret 14.12.2022

Styret sin tilråding

Sakshandsaming i representantskapet

Vedtak i representantskapet

SAKSOPPLYSNINGAR:

Kommunane Etne og Suldal har meldt uttreden frå Haugaland brann og redning iks med verknad frå og med 1.1.2023 (Etne) og 1.6.2023 (Suldal).

I representantskapsmøte 22.04.2022, sak 22/016 vart det etablert eit forhandlingsutval for HBR med følgjande representantar:

- a. Sigmund Lier, representantskapsleiar
- b. Jarle Nilsen, representantskapsmedlem
- c. Yngve Bergesen, kommunedirektør i Vindafjord
- d. Dag Botnen, dagleg leiar HBR

Forhandlingsutvalet sitt mandat var å forhandle fram eit forslag til løysing overfor eit samla representantskap.

Det er gjennomført følgjande møter:

Etne kommune: 8 + signering

Suldal kommune: 6 + signering

I tillegg er det gjennomført fleire interne møter i forhandlingsutvalet.

Signering av avtalane er gjort 5. desember for Etne kommune og 6. desember for Suldal kommune. Avtalane er vedlagt.

Kommentarar til avtalane:

- Kap. 1 - Innleiing: avtala fastset prinsipp for utrekning av utløysingssum der prinsipp er basert på lov om interkommunale selskap § 30, men med justering av reelt tinginnskot. Det vert vist til at partane har høve til å fråvike § 30.
- Kap. 2 - Avtalepartar: HBR iks er part ovanfor uttredande kommunar.
- Kap. 3 - Selskapsavtale: Det vert vist til §§ 2-1 og 2-2 i selskapsavtala (innskot og eigardel).
- Kap. 4 - Anleggsmidlar: Det vert vist til utrekningar gjort i 2017. Vidare er det justert for dei anleggsmidlar som Etne og Suldal har gått inn med fram til 31.12.2018 som er det tidspunkt selskapet fekk eigen rekneskapsføring.
- Kap. 5 - Kompetanse: Det er levert meir kompetanse til uttredande kommunar enn det fordelingsnøkkelen tilseier. Dette ser ein bort frå i avtala.
- Kap. 6 - Pensjon: Uttredande kommune tar ansvar for alle pensjonsplikter som vert knytta til dei tilsette på dei stasjonane som er i kommunane Etne og Suldal. KLP vil rekne ut eit avviklingstilskot på det tidspunkt uttreden skjer.
- Kap. 7 - Overgang: Det er utarbeidd eit eige «brudokument» for dei oppgåver som må løysast vedr. praktiske forhold.
- Kap. 8 - Utløysingssum: Summane, basert på prinsipp, vert lagt inn i skjema når rekneskapet er klart.
- Kap. 9 - Vernetting: Haugaland og Sunnhordland tingrett er fastsett som vernetting.
- Kap. 10 - Signering: Avtala vert signert av kommunedirektør og dagleg leiar for selskapet.

Avtala er ikkje gyldig før vedtak er gjort i representantskap for HBR og i kommunestyra for uttredande kommunar.

VURDERINGAR:

Det vert ikkje gjort vurderingar i saka utover det som er gjort i forhandlingar og som er lagt fram i eigarmøte 01.12.2022.

Haugesund, 06.12.2022

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: Avtale – 2022.12.05 – uttreden Etne kommune
Avtale – 2022.12.06 – uttreden Suldal kommune